

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 15/2004

Møtedato: 5.2.04

Arkiv nr:

GODTGJERSLE FOR FJELLSTYREMEDLEMMER

Godtgjersle til fjellstyremedlemmene vert heimla i fjellova § 7 der det heiter:

Fjellstyremedlemmene skal ha ei rimeleg godtgjersle for arbeidet. Godtgjersla vert fastsett av kommunestyret etter framlegg frå fjellstyret, og vert utgreia av fjellkassa, jfr. § 11."

I kommunestyresak K165/85 vart godtgjersle til fjellstyret fastsett. Godtgjersle til fjellstyreleiaren vart justert i K 6/88 og 84/90. Etter vedtaka skal medlemmene i fjellstyret ha same møtegodtgjersle som formannskapsmedlemmene. Fjellstyreleiaren skal ha leiargodtgjersle som svarar til 10 % av fjelloppsynet si lønn.

Fjellstyret sett ned ei gruppe (leiar, nestleiar og dagleg leiar) for å utarbeide framlegg til nytt regelverk for godtgjersle til fjellstyremedlemmer. Dei har lagt fram følgjande framlegg:

1. Møtegodtgjersle.

Dag- og kveldsmøte, befaring, kurs o.l. blir godtgjort med kr 400,- pr. møte. Møtegodtgjersle inkluderar førebuing til møtet.

2. Godtgjersle til fjellstyreleiari.

Fjellstyreleiari skal ha fast årlig godtgjersle på kr 15.000,- pr. år. Redusert leiargodtgjersla skal gjelde frå 2003.

3. Vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Legitimert tap i inntekt for møte som gir godtgjersle etter punkt 1, blir dekka fullt ut.

Som legitimasjon for tap i inntekt må det leggast fram attest frå arbeidsgivar.

Tap i inntekt som ikkje kan legitimerast dekkast med kr 120 pr. time inntil 7,5 timer pr. dag. Alternativt kan tap i inntekt reknast etter skattbar inntekt året før (240 dagar/1800 timer).

Offentlig tilsette må ta ut dei avtalefesta rettane til fri med lønn før legitimert godtgjering blir gitt.
Krav om tap av inntekt må rettast skriftlig til administrasjonen.

4. Omsorgsgodtgjersle.

Medlemmer som under møte/befaring må ha tilsyn med barn under 12 år, sjuke familiemedlemmer, funksjonshemma eller eldre skal ha kr. 75,- pr. time i omsorgsgodtgjersle pr. møte.

Som legitimasjon for omsorgsgodtgjersle må det leggast fram attest frå leigd hjelp. Krav om omsorgsgodtgjersle må rettast skriftlig til administrasjonen.

5. Reisegodtgjersle.

Bruk av eigen bil blir godtgjort etter statens satsar. Utgifter til andre transportmidlar dekkast av fjellkassa. Medlemmene må skrive ut eigen reiserekning.

6. Regulering av satsar.

Reglane skal gjelde frå 1.1.04 med unnatak av punkt 2 som skal gjelde frå 1.1.03. Satsane skal regulerast årlig etter endring av konsumprisindeksen og avrundast til nærmeste heile krone.

VEDTAK:

Fjellstyret vedtek utkast til nye retningslinjer som framlegg til ny godtgjersle for fjellstyremedlemmene. Saka oversendast Vestre Slidre kommune for godkjenning.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune, formannskapskontoret